



Hordaland fylkeskommune
18 SEPT 2018

Voss, den 12. september 2018

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

**PROSJEKTTILSKOT: KUNST og KULTUR – PROFESJONELL VÅR 2018
KONSERTAR MED LEIF OVE ANDSNES og ORKESTERET FOSSEGRIMEN**

Dykkar ref.: 2018/956-121.

Vi viser til vår søknad om prosjekttilskot til konsertar med Leif Ove Andsnes og Orkesteret Fossegrimen, og til Dykkar svar av 30.05.18, der det vart meldt at De støttar prosjektet med kr. 17.000,-.

Prosjektet vart gjennomført slik det var skissert i søknaden og vart avslutta med konsertar i Gamlekinoen på Voss laurdag 23. juni og i Kviknesalen i Balestrand søndag 24. juni. Dette var eit svært vellukka prosjekt, både musikalsk og publikumsmessig, og vi viser til omtale i avisa "Hordaland" tirsdag 26. juni.


Vedlagt er endeleg rekneskap for prosjektet, som viser eit underskot på kr. 52.894,94. Når det gjeld tilskot frå Hordaland fylkeskommune (post 3160 under Driftsinntekter) er her rekna med del av det faste årlege driftstilskotet som orkesteret får samt det tillyste prosjekttilskotet.

Vedlagt er også konsertprogrammet til orientering.

Vi ber om at prosjekttilskotet vert utbetalt til orkesteret sin bankkonto: 3480.14.11942.

På førehand takk.

Venleg helsing
Orkesteret Fossegrimen


Peder Ringdal
styreleiar

Vedlegg: Prosjektrekneskap.
Konsertprogram.